

Referat – SU-møte ved Bore ungdomsskule

Dato og tid for møte: 09.12.25, kl.18.00

Rom: Personalrommet, Bore ungdomsskule

Tilstades:

Representantar for dei tilsette: Borgny O. Hemsén og Sunniva P. Nygård

Representantar for skuleeigar: Torunn A. Rasmussen (politikar) og Sandra C. Børresen-Varhaug (rektor)

Ikkje tilstades:

Elev: Anders Steffen Nes

Foreldre: Marit Irene K. Haugstad og Inger Lise Nordbø Vanglo

25/26-7	Godkjenning referat 04.11.25
Skulen si heimeside: «Meny» - «Råd og utval» - «Samarbeidsutvalet SU». Godkjent referat.	
25/26-8	Sak til høring: Forskrift om skulerute 2026-2027 og 2027-2028
Ynskjer oppstart ein torsdag både pga. godt å starte opp med to dagar før helg. Godt å ha 3 planleggingsdagar i forkant. Mange elevar og lærarar begynner å innstille seg på skule når det begynner å bli august. Ikkje godt å vente for lenge for dei som er engstelige. Flest mogleg dagar før eksamen (altså i august), og færrast etter eksamen (juni). Det er ønskeleg med minst 3 planleggingsdagar før oppstart. <i>2026-2027:</i> Oppstart torsdag 13.august. Siste skuledag fredag 18.juni. <i>2027-2028:</i> Oppstart torsdag 12.august. Siste skuledag tysdag 20.juni.	
25/26-9	Det psykososiale miljøet på skulen
Elevundersøkinga: Offentlege tal vert publisert i slutten av denne veka. Denne tas neste SU-møte. Få innmeldte saker frå elevar og føresette. Miljøteamet er fantastiske. Dei er overalt og støttar. Sosiallærer er også viktig i det førebyggjande arbeidet. Ho har samtalar med elevar og er med på møter før ting eskalerer.	

Friminuttsaktivitetar: Sjakk, teikning, just dance, basketball, lesing. Gjer at dei får felles opplevingar. På den måten har dei også eit alternativ til å være ute. Gode resultat på namngitt elevundersøking. Lærarane har gjort ein god jobb i oppfølginga.	
25/26-10	Læringsutbytte og fagleg utvikling
Nasjonale prøvar: Status fra grunnskule: Må jobbe med lesing. Kommunen har vist at dei ynskjer å ta tak i det. Det er vi positive til. Det er også laget en komité med Torunn, nestleder i barn/unge, Norli og biblioteket. På 8. trinn held elevane eit stabilt nivå, men lesing må vere i fokus. Resultata til 9. trinn er mest aktuelle for oss, for det er då vi har fått tid til å arbeide med dei. 8. trinn-resultata seier meir om kva dei kan når dei kjem frå barneskulen. Dei har fagleg framgang. Lesing har økt frå 47-52 skalapoeng. Rekning frå 46-50 skalapoeng. Vi må begynne med føresette når barna er små, derfor jobbar Torunn for at neste kommunale foreldremøte for 0-12 år skal ha ein engasjert person som rettar seg mot foreldre si moglegheit når det gjeld å påvirke barna til lesing.	
25/26-11	Reknskap
Ligg no an til eit overforbruk på rett under ein halv million, i utgangen av november. Spesialundervisning: tildeling og bruk samsvarar ikkje. Mange vedtak, og fleire store vedtak. Fleire i SU meiner at tildelingsmodellen er uforståeleg mtp. ITO. Leirskule er kostbart (ser på andre alternativ med færre overnattingar). Det har kome nye føringar for bemanning som gjer dette dyrt. Vi håper at leirskule blir fjerna frå opplæringslova. Vi ynskjer 3 dagars tur, men det tilbys ikkje. Vi har tilbudt Knaben full pris for 3 dagar for å spare bemanningsutgifter, men dette har ennå ikkje blitt landa. Behova for ITO har auka, men tildelinga er den same uansett. Laust drøs rundt samfunnet, foreldrerolla, skulen si rolle og ufrivillig skulefråver/ito-undervisning.	
25/26-12	Orienteringssakar
<i>Elevrådet:</i> <i>FAU:</i> <i>Politisk nivå og skule:</i>	

Ref. S.P.Nygård.